



**KARNEVAL:** Kostyma er avgjerande i eit karneval, og i denne produksjonen eit kapittel for seg.

FOTO: VIGDIS HAUGTRØ

# Ved verdas ende



Amund Grimstad  
**TEATER**

## «Blue Motel»

Trøndelag Teater, Studioscena  
Av: Lisa Lie/Pony Of No Return  
Konsept og regi: Lisa Lie  
Scenografi og kostyme: Maja Nilsen  
Lydesign: Steffen Telstad  
Lydesign: Mikael Gullikstad  
Med: Ivar Furre Aam, Kenneth Homstad, Helga Kristine Edvindsen og Lisa Lie  
Co-produsert av Trøndelag Teater og Black Box Teater

## MELDING

Eit humoristisk og grusamt innblikk i ein heilt annan røyndom.

**Mitt første møte** med forfatteren og scenekunstnaren Lisa

Lie for snart ti år sia ga meg hakeslepp. Frekt, frodig og fullstendig utan blygsel framførte den unge og temmeleg urøynde perfor- manceartisten ganske annléis teater. Etter det har eg sett eit par til av produksjonane hennar, og særleg «Skogsunderholdning - Talk Softly But Carry A Big Stick» frå 2007 sit framleis spikra i minnet. Nå har ho tatt steget inn på eit institusjonsteater, og i ein samarbeidsproduksjon med Trøndelag Teater og Black Box var det torsdag urpremiere på «Blue Motel» på Studioscena på Trøndelag Teater.

**Lisa Lie skapar** sitt eige univers der det er hennar reglar som gjeld, og der alt er annleis sjølv om referansane til det verkelege livet, og ikkje minst den klassiske kulturarven er openberre og sit særst laust. Slik også denne gongen. Saman med tre andre skodespelarar tar ho oss med til verdas ende. Her blir vi med på eit helvetes nachspiel der kjente og ukjente dukkar opp. Blue Motel ligg over heisen til dødsriket, men

ettersom heisen berre tek to om gongen, og deltakarane i tillegg ikkje ser ut til å avfinne seg med reisa, men dukkar opp att og opp att og opp att, blir vi med på eit maratonparty levd ut som eit middelaldersk karneval.

Lie er utstyrt med noko så sjeldan som klassisk europeisk danning, og ho ausar av kunnskapen i tallause referansar til eit utal forfattarar og filosofar. For dei mange av oss som ikkje er heilt forfulge med Dante, Sartre, Defoe, Bakhtin eller Rabelais, er det likevel nok av metaforar og referansar å kjenne seg att i. Eit gjennomgåande tema er eventyra der både Hans og Grete og Snøkvit dukkar opp i ulike, og ikkje minst uvante skapnader. For ikkje å snakke om gamle mytar, populærkultur, toppidrett og pornografi. I Lies univers kan alt skje, men neppe slik vi trur eller er vande med.

**Oppsettinga er bygd** opp av ei rekke tablå der nokre nesten går i loop, og der Lies fortel- larstemme syter for sceneskift og mindre pausar. Desse

små historiene er limet i framsyninga, og ettersom Lie er ein særst habil forfattar, er dei også små litterære perlar eg gjerne skulle ha høyrte fleire av.

I tablåa, som i alle fall tilsynelatande ikkje har annan samanheng enn at dei handlar om alle dei ulike folka som kjem til Blue Motel, møter vi mange kjente, men i ny og uventa tapping. For i karnevalet blir alt forkledd og annleis. Spesielt festa eg meg ved møtet med Robinson og Fredag, eit fordomsfullt tyskarportrett der det blei balansert nydeleg mellom særst valdeleg oppførsel og trongen til ein piknik i ro og mak, og eit ganske velkoreografert gjensyn med Tonya Harding's OL-fadese i 1994. Berre for å nemne nokre. Og sams for det meste er den underliggande humoren.

Eit karneval kan også vere eit kostymeball, og i denne produksjonen har Maja Nilsen skapt dei mest outrerte påkleddingar som på same tid understrekar både innhald og surrealisme. Scenografien hennar er også

effektfull og består stort sett av ei mengd rekvissittar som fungerer utmerka til fleire av tablåa.

**I slike lett absurde** framsyningar som grensar mot performance, er ofte spelet naivistisk og nesten amatørmessig. Det er konseptet som er det viktigaste. Ikkje slik denne gongen. Rett nok er mye også her naivistisk, men spelet er framifrå, og det er tre særst dyktige skodespelarar Lie har med seg. Dei mange sceneskifta og timinga er presise og tidvis imponerande. Dryge to og ein halv time med intens spel er ein kraftprestasjon for både utøvarar og ikkje minst oss i salen.

Framsyninga er nok i lengste laget, men eg har mistanke om at også dette er eit medvite val. For at publikum verkeleg skal fatte kor langvarig og utslitande dette endelause nachspelet er, må det vel vere slik?

**Amund Grimstad**  
amund@amund.info

«Blue Motel» blir spela på Trøndelag Teater til midten av mai, og i slutten av mai blir det sett opp på Black Box i Oslo.

# Herlig overdådig eventyr

**Karnevalistisk forestilling med barsk humor.**

AV ELIN LINDBERG

BLUE MOTELL

Konsept og regi: Lisa Lie

Scenografi og kostymer: Maja Nilsen

Dramaturg: Elin Amundsen Grinaker

Utøvende og skapende skuespillere: Helga Kristine Edvindsen, Ivar Furre, Kenneth Homstad og Lisa Lie

Lisa Lie/PONR, Black Box Teater, 23. mai

Rammen for forestillinga *Blue motell* er det klassiske motivet «reisen til Dødsriket og tilbake». Dette kan være en slags dannelsesreise. I Lisa Lies univers møter vi referanser til høy- og lavkultur. Klassiske fortellinger og populærkulturelle historier resirkuleres og vrís og vendes på. Ingenting er for stort eller for smått til å være med. Det er et herlig virvar av pekere hit og dit – nesten alt er presentert med god komisk timing. Denne forestillinga som også tidligere forestillinger av Lisa Lie, opererer med en slags overraskelsens eller det uforutsigbares dramaturgi. Det er det befriende og livsbejaende å oppleve.

## **Homo ludens – det lekende mennesket**

Arne Næss tok til orde for at vi burde leke mer og ikke ta oss selv for høytidelig. Han mente at leking kunne føre til at vi tenkte nye tanker og fikk noen interessante ideer. *Blue Motell* utfordrer virkeligheten gjennom en slags scenisk lek. Vi trenger mye oftere å bli minnet på at teater har svært mye med lek å gjøre. På islandsk heter teater nettopp «leikhus»! Og skuespillere heter «leikari». På engelsk heter et skuespill «a play».

Ingen eller ingenting er helt pålitelig i denne forestillingas univers. Det meste flyter. Forestillinga rommer store mengder tekst. Lies scenetekst er fabulerende og ordrik. Den består av lange linjer eller vifter av reflekterende assosiasjoner over verden. Språkbildene er sære, smarte og lekende. De fester seg ikke så godt hos tilhøreren fordi teksten er så omfattende. Og som forestillinga selv spriker den i alle retninger samtidig. Vi følger teksten som om vi satt i en båt på ei tekstelv – vi lar oss rive med og flyte av gårde til helt nye og uforutsette steder.

**Alt flyter**

Scenerommet preges av en trash-estetikk som ligner på den vi har møtt i tidligere forestillinger av Lie. Hvite forheng dekker inn scenen. Et lite hus på hjul står i rommet. Et slags trestativ står til høyre på scenen. Det henger modeller av føtter i det.

Forestillinga rommer en strøm av karakterer. Alle sidestilles, her er det flat struktur, ingen er øyensynlig mer viktig enn en annen. I den første scenen holder fire karakterer i rysjekostymer på med en slags rituell og noe surrealistisk te-seremoni. De flytter rundt på porselensnips og pyntekobberkjeler – pynteting som hører til en kanskje forgangen tid, men som får nytt liv her i det hinsidige *Blue Motell*. Tankene går også til *Alice i Eventyrland* og til et barndommens univers. Den komiske timingen til skuespillerne er perfekt.

Eventyrfigurene Hans og Grete kommer inn. De bærer på en plastdunk som kanskje inneholder hjemmebrent. De er groteske og maser på publikum om å få låne telefoner og om å bli kjørt til byen. En grevling dukker opp. Så kommer en mann i indiskinspirert kjole og snedig, lys parykk. Det er tilløp til folkedans. En gutt sitter utenfor huset på scenen og stapper en pinne i en kobberkaffekjele mens han blar nonsjalant i tre pornoblad han har liggende foran seg. Ei utstoppa kråke eller en ravn står på en påle. – «No kjem eg med smørgåsa mi!» ytrer en av aktørene. Det blir mer tilløp til folkedans og parykkskifter. Tre karakterer i svarte kjoler framstår som kokette og kåte nonner. De har skjelmske blikk mot publikum og virker ikke til å stole på. De har et fantastisk ritual der de stikker hodet inn i en slags lampe som ser ut som en bikube. De blir til orakler. I en annen scene danser en mann i lærbukser for dem mens de sitter og noterer eller tegner med fjærpenner før de nærmest voldtar ham. Det er slike scener og opptrinn forestillinga er et overflødigshorn av. Det er liksom ingen ende. Etter denne karnevalistiske festen dabber forestillinga noe av, men fortsetter og fortsetter, slik en god fest kan gjøre det. Det er tid for nach-spiel.

### **I all evighet**

Når forestillinga varer og rekker og scener uten noen helt klar rød tråd følger på hverandre, men bare drar oss videre og videre, begynner perspektivet å forandre seg. Vi reflekterer mer over vår egen situasjon uten at vi speiler forestillinga. Hva er et menneske? Hva er et minne? Hva er kultur? Hva er et liv? Nach-spielet er groteskt og komisk. Det spilles nachspiellåt etter nachspiellåt. Spillet er seksualisert. Det klines og jokkes og sprutes spenol. En av aktørene blir klint i hjel.

En publikummer blir tatt opp på scenen. Han blir med på en slags båtferd med hjul-huset til bak scenen. Han kommer tilbake like hel med en kokosnøtt han har fått. Kaskader av bilder følger på hverandre etter en surrealistisk logikk. Bildene er uforutsette, originale, groteske, fornøyelige, smertefulle, barske, sexy, pinlige, overraskende, åpnende, forvirrende, befriende og

mye mer. Det er nettopp dette at forestillinga ikke kan omformes til tekst som er dens styrke. Dette er genuint teater. Den skliir unna alle sjangre og forsøk på å definere den som noe annet enn det den er: Ei teaterforestilling skapt av levende, lekende mennesker for et interessert – og forhåpentligvis lekende – publikum.

Billedtekst:

Lisa Lie i *Blue Motell*, regi: Lisa Lie. Black Box Teater 2013. Foto: Vigdis Haugtrø